

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 02.02.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingvill Skogseth  
**SAKA GJELD:** **Korridorplassar - utvikling og status**

**ARKIVSAK:** 2011/152  
**STYRESAK:** **036/16**

**STYREMØTE:** **29.02. 2016**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest er nøgd med utviklinga i tal korridorpasientar, og vil gje helseføretaka ros for arbeidet som er gjort så langt. Styret vil likevel understreka at målsettinga om at føretaka ikkje skal bruke korridorplassar står ved lag. Dette kravet er gitt på nytt i Styringsdokument 2016 til helseføretaka.
2. Styret forventar at helseføretaka fortsett det gode arbeidet med å nå målsettinga om null korridorpasientar, og vil understreka viktigheten av at helseføretaka samarbeider tett og lærar av kvarandre i det vidare arbeidet.

## Oppsummering

Utviklinga i talet korridorpatientar innan somatikken har vore positivt gjennom det meste av 2015 for regionene samla, men målsettinga om at korridorpatientar ikkje skal førekome er ikkje nådd enno. Det må framleis vere fokus på dette området i 2016.

## Fakta

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 21. september 2015 sak 095/15, *Tiltak for å avvikle korridorsenger i helseføretaka*.

Styret gjorde følgjande vedtak (samrøystes):

1. *Saka blei tatt til orientering*
2. *Styret tok ikkje stilling til eventuelle sanksjonar for fortsatt bruk av korridorplassar*
3. *Saka vil bli oppdatert i desembermøtet 2015.*

Denne saka er ei litt forseinka oppfølging av punkt 3 i vedtaket.

Utviklinga i talet på korridorpatientar inngår fast i den månadlege verksemdsrapporteringa til styret.

## Kommentarar

Prosjektarbeidet som blei gjennomført i 2014 og rapporten «Tiltak for å avvikle korridorplassar» peika på ei rekke tiltak for å avvikle bruk av korridorplassar ved sjukehusa i Helse Vest.

I 2014 og 2015 har Helse Vest RHF i samarbeid med føretaka utvikla elektronisk rapportering av korridorpatientar og utvikla webløysinga «ledige senger».

Det har vore ei positiv utvikling over tid i alle helseføretaka i gjennomsnitt bruk av korridorsenger i 2015.

I Oppdragsdokument 2016 til Helse Vest RHF er det i punkt 3. *Betre kvalitet og pasientsikkerheit* gitt målet: Ikkje korridorpatientar. Dette målet blir gitt vidare i styringsdokumentet til helseføretaka.


## Utvikling og status i helseføretaka

I grafen under er utviklinga i gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag vist innan somatikk, samla for alle dei fire helseføretak. Trenden er at det har vore ei positiv utvikling i regionen sidan mars 2015. Samla var det gjennomsnittlege talet korridorpatientar på eit historisk lågt nivå i oktober 2015, og talet var framleis på eit lågt nivå i desember.



Behandlingssted

- Helse Sør-Øst RHF
- Helse Vest RHF
- ◆ Helse Midt-Norge RHF
- ▲ Helse Nord RHF



Kjelde: Helsenorge.no

**Konklusjon**

Styret forventar at helseføretaka fortsett med det gode arbeidet med å nå målsettinga om null korridorpatientar, slik at den positive utviklinga held fram i 2016.